



# Legitimeringa av norsk småkraft

## The legitimization of Norwegian small hydropower

Gunnar Yttri

*Førsteamanuensis, Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap, Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal*

[Gunnar.Yttri@hvl.no](mailto:Gunnar.Yttri@hvl.no)

### Samandrag

Med perspektiv frå pragmatisk sosiologi undersøker artikkelen kva verdiar som har legitimert utbygginga av småkraftverk i Noreg etter år 2000. Situasjonar der styremaktene i det offentlege ordskiftet må grunnkje standpunkt og satsingar, vert undersøkt. Studien finn at styremaktene på kort tid har mobilisert ulike grunnkjevingar i spennet frå lokale til globale omsyn for å grunnkje småkraft-satsinga. Som politisk saksfelt er småkraftfeltet kjenneteikna av stadige kompromiss mellom ulike verdiordenar. I ein tidleg fase var verdiskaping i distrikta (kollektiv verdiorden) og auke i fornyeleg energi (industriell og grøn verdiorden) dominerande. I ein seinare fase var monetære verdiar (marknadens verdiorden) meir framståande.

Nøkkelord

Småkraft, verdiorden, vasskraft, energi, Boltanski, Thévenot

### Abstract

Based on a perspective from pragmatic sociology, the paper examines values that have legitimized development of small hydropower in Norway after 2000. Situations where the governing authorities have to legitimize politics are studied. The study finds that the governments in a short time have mobilized various justifications, ranging from local to global considerations, to pave the way for small-power efforts. As a political field, small hydropower is characterized by compromises between different orders of worth. In an early phase, value creation in the district and increase in renewable energy were dominant. In a later phase, monetary values were more prominent.

Keywords

Small hydropower, orders of worth, energy, Boltanski, Thévenot

### Innleiing

Noreg er den sjuande største produsenten av vasskraft i verda (Norges vassdrags- og energidirektorat, 2015). Ei rekkje store utbyggingar på 1900-talet, dei aller fleste i offentleg regi, har gitt denne posisjonen. Vasskrafta har vorte kalla «arvesølvet», ein fornyeleg naturressurs tilhøyrande det norske fellesskapet og komande generasjonar (Thue, 2016). Men i 2001 vart det sett stogg for nye store utbyggingar. I tida etter har noregshistorias største utbygging av privateigde småkraftverk funne stad. I åra fram til og med 2016 var det bygt ut over 400 (Yttri, 2018). I 2018 hadde ytterlegare 400 fått konsesjon frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), men var enno ikkje bygde (Nynorsk Pressekontor, 2018). Grunneigarar, kraftselskap og ulike interessentar har leia an. Framveksten av småkraftverk har vore ønskt

og stimulert av alle norske regjeringar etter 2000 (Yttri, 2018). Historia om vasskraft i Noreg frå tidleg på 1900-talet og fram mot vår eiga tid handlar i mykje om konfrontasjonar mellom ulike interesser (Angell & Brekke, 2011, s. 6.).

I denne artikkelen søkjer eg å svara på spørsmålet: Korleis har norske styremakter grunngeve og legitimert, og dermed mogleggjort, den omfattande satsinga på småkraftverk etter 2000?

Empirisk byggjer undersøkinga på ein *historisk studie* av småkraftas framvekst og utvikling (Yttri, 2018). Det teoretiske grunnlaget er ein *pragmatisk sosiologi* utarbeidd av franskmennene Luc Boltanski og Laurent Thévenot (BT) (Boltanski & Thévenot, 1999, 2006; Wagner, 1999), seinare teken i bruk og vidareutvikla av fleire (Andersen, 2017; Hestholm, 2003; Lamont & Thévenot, 2000; Skarpenes & Hestholm, 2007, Haugseth 2014). Denne sosiologien legg vekt på at politiske vedtak må rettferdiggerast og legitimerast i offentleg debatt. BT legg til grunn at all argumentasjon og rettferdigging har grunnlag i og tilvising til ulike verdiar. Dei har identifisert og formulert eit sett av ulike *verdiordenar*, kvar med sitt historiske opphav, der argumentasjon og rettferdigging finn grunnlag. Dei ulike verdiordenane representerer kollektive ressursar som er tilgjengelege for ulike aktørar i eit ordskifte. Ved å nytta denne tilnærminga vonar eg å kunna auka forståinga av norsk småkraftsatsing som politisk saksfelt.

Etter 2000 vert små kraftverk nytta som ei nemning for tre ulike kraftverk som kan kategoriserast etter storleik: *mikrokraftverk* med installert effekt under 100 kW, *minikraftverk* med installert effekt mellom 100 kW og 1000kW, og *småkraftverk* med installert effekt frå 1MW til 10MW (Olje- og energidepartementet, 2003). Den omfattande utbygginga etter 2000 gjeld i all hovudsak *småkraftverk*. NVE har konsesjonsmynde. Vedtak kan klagast inn for departementet (Yttri, 2018).

## Metode, utval og disposisjon

Det er i situasjonar med usemje at verdiordenane vert sette på prøve. I slike situasjonar vil kriteria som aktørane nyttar i sine grunngevnader og i sin kritikk, verta gjort tydelege. Særleg vil dette gjelda i situasjonar der det er usemje om kva som er til beste for ålmenta. Desse situasjonane er kritiske augneblinkar (Boltanski & Thévenot, 1999, s. 359). Grunnlaget i artikkelen for å identifisera slike kritiske augneblinkar er ein historisk studie. Situasjonar der styremaktene særskilt må grunngi og rettferdiggjera dei politiske vala, vert identifisert.

Med Yttri (2018) kan den moderne småkraftsatsinga delast inn i tre tidsbolkar, kvar med sine distinkte kjenneteikn. Tidsrommet 1990–2001 var ei pionertid. Nokre driftige grunneigarar søkte å utnytta dei nye vilkåra for etablering av eigne kraftverk som kom i og med Energilova av 1990. Tidsrommet 2001–2014 er kjenneteikna av nasjonal satsing på småkraftverk. Det vart bygt opp eit eige system for å leggja til rette for auka utbygging. Store norske kraftselskap og ulike investorar gjekk inn i småkraftfeltet og gjorde avtalar med grunneigarar. Perioden etter 2014 er kjenneteikna av at dei store norske kraftselskapa sel seg ut av norsk småkraft, og av at dei største selskapa av norsk småkraft er utanlandsk eigde.

Det historiske materialet byr på fleire kritiske augneblinkar både på eit overordna makronivå der generell politikk vert fastlagt, og på mikronivået der einskildsaker vert ferdig handsame. I artikkelen har eg primært valt ut empiri på makronivået, empiri som er definerande og representative for periodiseringa ovanfor. Avsnitta «Småkraft frå pionertid til nasjonal satsing», «Systembyggingas legitimering» og «Legitimeringa av sal til utlandet» går kvar for

seg inn på sentrale omdreiingspunkt i småkraftas moderne historie, punkt der styremaktene gir satsinga eit nytt politisk grunnlag, og der dette vert formulert og grunngeve i eit ordskifte. På mikronivået hentar eg i avsnittet «Legitimeringa av praksis» meir tilfeldige empiriske døme frå to ulike utbyggingssaker der Noregs vassdrags- og energidirektorat sitt vedtak i småkraftsaker vert anka inn for departementet. Døma syner korleis slike omstridde vedtak vert grunnlagt frå departementalt hald.

Artikkelen vert innleia med «Tidlegare forskning» der litteraturen som vert drege vekslar på, kort er greidd ut. Avsnittet «Grunnlaget for argument og rettferdiggjering» presenterer det teoretiske grunnlaget. «Legitimeringa av vasskraftforvaltinga» syner teorien i bruk i eit arbeid med særleg relevans for denne artikkelen. Til sist freistar eg i «Drøftande sluttmerknader» å svara på spørsmålet: Kva kan pragmatisk sosiologi seia oss om rådande verdiar i utbygginga av norske småkraftverk?

### Tidlegare forskning

Det er ikkje gjort tilsvarende undersøkingar av verdiordenar som gjer seg gjeldande i småkraftutbygging tidlegare, men det ligg føre empiriske og teoretiske studiar som kan dragast vekslar på. Medan norsk vasskraftshistorie og særleg dei store kraftselskapa er handsama i ei rekkje arbeid (Nilsen et al., 2006; Skjold, 2015a, 2015b; Thue, 1994, 2017), er nyare småkraftutbygging lite handsama. Særleg to empiriske studiar har gått djupare inn i temaet. Den eine set småkraftutbygging i Hardanger i ei historisk og nasjonal politisk ramme. Brytinga mellom sentral politikk og lokal og regional utvikling står i fokus (Sataøen, Brekke & Angell, 2014; Sataøen, Brekke & Angell, 2017). Den andre studien, «Lokal von, global ambisjon. Framveksten av småkraftverk i Noreg etter 2000» teiknar hovudliner i utviklinga fram til 2018 (Yttri, 2018). Begge desse artiklane gir empirisk grunnlag og ramme, men gir oss også høve til å finna fram til relevant og representativ empiri, saker som det har vore knytt *kontroversar* til.

BT presenterte det første og grunnleggjande arbeidet for den pragmatiske sosiologien i 1991 i boka *De la Justification. Les économies de la grandeur*. Arbeidet vart omtala som eit teoretisk gjennombrøt (Wagner, 1999). Boka låg føre i engelsk språkdrakt i 2006, *On justification: economies of worth*. (Boltanski & Thévenot, 2006). I Noreg var perspektivet ei tid lite nytta (Skarpenes & Hestholm, 2007), men har etterkvart mellom anna vorte teke i bruk i ulike avhandlingsarbeid, slik som av høgare utdanning (Hestholm, 2003), av vidaregåande skule (Skarpenes, 2007) og av utviklinga av norsk miljø- og petroleumspolitik (Andersen, 2017). I vår samanheng er ein analyse av den historiske endringa i norsk vasskraftforvaltning av særleg interesse (Løding, 2017), og denne vert presentert og kommentert nærare.

### Grunnlaget for argument og rettferdiggjering

Eit viktig mål for arbeidet til BT var å forstå og analysere den kritiske aktiviteten og rettferdiggjeringsarbeidet som aktørane utfører i det offentlege ordskiftet. Utgangspunktet var situasjonar der aktørar handla og ytra seg under krav om rettferdiggjering eller legitimering. Ibuande låg eit oppgjær med objektiverande kritisk sosiologi som la til grunn at underleggjande maktstrukturar og maktutøving samfunnsvitskapen kunne påvisa, var skjult for aktørane sjølve. Mot dette set BT fram at kritisk kapasitet er allmenn-menneskeleg og kjem til syne i konflikhtar og kontroversar. Aktørane sine handlingar og talehandlingar kan ikkje reduserast til snever eigen-interesse eller falskt medvit. Tvert om; argument framførde eller rettferdiggjeringa av eigne meiningar i det opne rommet, må takast på alvor. Korleis ein rettferdiggjær og legitimerer, er av interesse om ein siktar mot å forstå det aktuelle politiske

saksfeltet. For ytringane må faktisk ha grunnlag eller medhald i felles verdiar og normer i samfunnet, i kollektive verdsetjingsprinsipp. Å kopla handlinga eller argumenta til eit felles beste, eit «common good», rettferdiggjjer handlinga eller argumentet (Wagner, 1999; Boltanski & Thévenot, 2006; Skarpenes & Hestholm, 2007).

I empiriske studiar finn BT eit avgrensa tal måtar å kritisera og grunnkje kunnskap, argument og synsmåtar på, altså eit avgrensa tal kollektive verdsetjingsprinsipp for å legitimera eigen posisjon. Desse måtane forankrar dei i normative verdsetjingsrepertoar, i verdiordenar, som vert formaliserte historisk med nedslagspunkt i politisk filosofi. Verdiordenane er verksame i kulturen idet dei vert nytta av aktørar som argumenterer for eller mot ei sak. Kvar verdiorden vert rekna som eit tilgjengeleg repertoar for aktørane i eit ordskifte. Kvar verdiorden har sin eigen grammatikk, struktur og verktøy som aktørane nyttar i arbeidet med å legitimera/rettferdiggjera ei handling og/eller ein definisjon av ein situasjon eller eit fenomen.

I det vidare legg me til grunn at det er utvikla ni verdiordenar, seks var med i det opphavlege arbeidet (Boltanski & Thévenot, 2006), tre er komne til seinare. I det følgjande greier eg kort ut kjenneteikna ved dei ulike verdiordenane.

1. *Marknadens verdiorden.* Det overordna verdsetjingsprinsippet er konkurranse. Konkurranse-dugleik er prinsippet for kvalifisering. Dei relevante argumenta er knytt til pengar, det monetære. Relevante objekt er varer som kan seljast i marknaden. Storleik er bunde til omsetjingsverdi eller høve til sal i marknaden. Dei relevante subjekta er på den eine sida kundar og forbrukarar, på den andre sida produsentar og handelsfolk. Relasjonane er forretningsmessige. I og med at marknadsverdien varierer over tid, vil tidsformasjonen vera kortvarig. Den romlege variasjonen er global. Grunnleggjande litteratur er Adam Smiths *Wealth of Nations* (Boltanski & Thévenot, 1999, s. 372).
2. *Den industrielle verdiorden.* Det overordna prinsippet for verdsetjing er knytt til teknisk effektivitet og kvalitet i planlegging. Prinsippet for kvalifisering er kompetanse og pålitelegheit (reliabilitet). Dei relevante argumenta er dei som gjer ting målbare og moglege å kontrollera. Instrument, modellar og verktøy som gjer måling og kontroll mogleg, er dei relevante objekta. Ekspertar og fagfolk med formelle kvalifikasjonar er dei relevante subjekta. Relasjonane er organiserte, standardiserte og funksjonelle. Relasjonar som sikrar kontroll, er verdfulle. Tidsformasjonen er planlagt og langsiktig, romformasjonen er kartesiansk. Grunnleggjande litteratur er Henri de Saint Simons *L'Industrie* (Boltanski & Thévenot, 1999, s. 372–373).
3. *Den kollektive verdiorden.* Det beste for kollektivet er det overordna prinsippet for verdsetjing. Likskap og solidaritet er kvalifiseringsprinsipp. Dei relevante argumenta har eit formelt eller offisielt format. Reglar og borgarrettar er relevante objekt. Subjekta er kollektivet av likeverdige borgarar. Kollektive handlingar er viktige relasjonar. Allmennviljen er verdifull, eiga-interessa underordna. Tid- og rom-formasjonen er ikkje definert eller lausrive. Rom-formasjonen kan likevel vera det aktuelle kollektivet, til dømes spesifisert til ei grend, ei bygd, ein by, eit fylke eller ein nasjon. Grunnleggjande litteratur er Rousseaus *Contract social* (Boltanski & Thévenot, 1999, s. 371–372).
4. *Den heimlege verdiorden.* Vidareføring av tradisjonen og etablerte hierarki er det overordna verdsetjingsprinsippet. Det å akseptera hierarkia og tradisjonen er kvalifiseringsprinsipp. Personlege relasjonar er verdifulle. Forfedre, foreldre og leiarar av ulikt slag, dei som står på toppen av hierarkiet, er viktige subjekt. Arv, titlar, gåver og god skikk og bruk er relevante objekt. Tillit og autoritet er overordna prinsipp. Politisk og filosofisk har denne ordenen sitt litterære grunnlag i Jacques Bénigne Bossuet sin *Politics Drawn from the Very Words of Holy Scripture* (Boltanski & Thévenot, 1999, s. 370–371).

5. *Verdiorden for inspirasjon*. Det å vera inspirert er det overordna verdsetjingsprinsippet. Lidenskap og artistisk inspirasjon er kvalifiseringsprinsipp. Engasjement og kjensler er prov. Subjekt er skapande personar. Ting som er skapt på grunnlag av kreativitet og har emosjonell tyding for folk, er verdifulle. Politisk og filosofisk har denne ordenen sitt litterære grunnlag i Augustins *Guds by* (Boltanski & Thévenot, 1999, s. 370).
6. *Verdiorden for opinion*. Meiningar til andre er det overordna verdsetjingsprinsippet. Det å få merksemd og godkjenning, og det å verta kjent igjen, er verdifullt. Medieoppslag, kjente namn og merkevarer er døme på objekt. Merksemd og gjenkjenning frå andre er definerande. Dei viktige subjekta er celebritetar og vidkjende personar. Sentral litteratur er Hobbes sin *Leviathan* (Boltanski & Thévenot, 1999, s. 371).
7. *Den prosjektorienterte verdiorden*. Aktivitet er det overordna verdsetjingsprinsippet. Det verdfulle er å vera i nye prosjekt, å skipa eller utvida samband, og å vera deltakar i nettverk. Provet eller test-kriteriet i denne verdiordenen er evne til tilpassing og omstilling. Å vera involvert og å kunna prestera godt i ulike situasjonar og under ulike vilkår, gir tyngde. Nye organisasjonsformer og informasjonsteknologi er viktige objekt. Viktige eigenskapar for å lukkast er å vekkja tillit, kunna ta ansvar og ha gode samarbeidsevner. Dei viktige subjekta er innovatørar, direktørar og leiarar. Tidsformasjonen er fleksibel. Denne verdiordenen vart teikna ut i boka *New Spirit of Capitalism* (Boltanski & Chiapello, 2007), og empirien for dette finn forfattarane i Frankrike etter 1968.
8. *Den grøne verdiordenen*. Det å vera i harmoni med naturen og å vera miljøvennleg er det overordna verdsetjingsprinsippet. Berekraftige og fornybare eigenskapar er kvalifiserande. Relevante prov er det økologiske systemet. Handlingar og objekt får tyngde og verdi når dei byggjer på økologiske eller miljøvennlege prinsipp. Tidsformasjonen omhandlar framtidige generasjonar. Medan dei sju første verdiordenane har grunnlag i empiriske studiar av ordskite i Frankrike, er den grøne verdiordenen særleg utvikla med grunnlag i ein komparativ studie av Frankrike og USA (Lamont & Thévenot, 2000).
9. *9) Forenklingas verdiorden*. Det enkle, smidige, klare og fokuserte gjer folk og ting verdige. Typiske subjekt er leiarar, yrkesutøvarar og brukarar, medan reglar, prosedyrer og skisser er døme på objekt. Prov på verdifulle eigenskapar er stabilitet, kvalitet og slitestyrke. Forenklingas verdiorden er utmynta gjennom ei lesing av nyare *management*-litteratur om smidig programvareutvikling og prosjekt-*management* (Haugseth, 2014).

Hjå BT går det fram at dei ulike verdiordenane kan nyttast som basis for aktørane sin gjen-sidige kritikk, men aktørane kan også inngå kompromiss der element frå ulike verdiordenar går inn for å oppnå målet om «a common good» (Boltanski & Thévenot 2006, s. 277–278). Det er slik ikkje tale om kompromiss som ligg i sjølve konstruksjonen av verdiordenane, men det er kompromiss som skjer i konkrete ordskite (Wagner, 1999, s. 343).

Dei aktuelle prinsippa er forma av historiske og kulturelle prosessar, vevd inn i sosiale institusjonar og organisasjonar. Til liks med andre analytiske omgrep og modellar, byggjer verdiordenane på teoretisk arbeid og abstraksjon. I kva grad verdiordenane er høvelege for forståinga av døme frå norsk vasskraftforvaltning, kan ikkje takast for gitt. Men BT gjer korkje krav på universalistiske sanningar eller eintydig sosial teori. Den pragmatiske og historiske tilnærminga gjer at etablerte verdiordenar kan verta endra eller heilt nye kan utviklast. Dei etablerte kan då verta avløyste om dei ikkje lenger synest ha empirisk grunnlag (Skarpenes & Hestholm, 2007, s. 84).



## Legitimeringa av vasskraftforvaltinga

Tomas Hostad Løding har i artikkelen «Arvesølvets verdi – den historiske transformasjonen av vannkraftsforvaltningens legitimering» lagt verdiordenane til grunn i ein analyse av norsk vasskraftforvalting. Empirien er aktuelle ordskifte i Stortinget i eit tidsspenn på 100 år (Løding, 2017). Den overordna målsetjinga har, heilt frå Stortinget sine vedtak av konsesjonslover og heimfallsrett i dei to første tiåra av 1900-talet og fram til vårt eige hundreår, vore å sikra kraftressursane som heile folket sin eigedom. Men Løding finn at rettferdiggingeringa har endra seg radikalt. Ved etableringa av lovverk og system i åra etter at unionen med Sverige var oppløyst, var nasjonalt eigarskap og samfunnsbehov det viktigaste. Det offentlege fekk ei sentral rolle i utviklinga av vasskrafta og utbygginga av straumsystemet. Dette er i kontrast til den «før-elektriske» vassdragsforvaltinga underlagt privat eigedomsrett. Nytt lovverk vart rettferdiggjort ved at vasskraftbasert elektrisitet vart definert som offentleg velferdsgode avgjerande for nasjonal infrastruktur. Innanfor ei nasjonalt regulert ramme skulle industrialisering og økonomisk modernisering finna stad. Denne konstituerande fasen kvilte på eit kompromiss mellom den kollektive og den industrielle verdiorden. I etterkrigstida fekk industri-reising ein framskoten plass. Vasskrafta var kjelde til eit offentleg gode. I ordskifta var det den kollektive og industrielle verdiorden som rådde grunnen fram til og med 1980-åra.

Løding finn eit radikalt brot med Stortingets vedtak av ny energilov i 1990. Det førande prinsippet for den nye lova var samfunnsøkonomisk lønsemd. Elektrisitet var ei vare som kunne omsetjast i ein fri marknad. Tiltak vart sette inn. Bindingane mellom produsentar og distributørar vart løyste opp. Produsentar skulle konkurrera på pris, distributørar fekk vidareført geografisk definerte monopol. Statkraft vart kløyvd i eit føretak for produksjon (Statkraft) og eit for sentralnett (Statnett). Ein marknad der forbrukarane fritt kunne velja straum-leverandør, vart etablert.

I debatten om energilova finn Løding at stortingsfleirtalet argumenterte for marknadspriking av straum. Vasskraftas verdi vart primært forstått monetært. Samstundes vart offentleg eigarskap til vasskrafta grunngeve med at det var fellesskapets verdiar. Med samankoplinga av offentleg eigarskap og ei monetær forståing av vasskraftas verdi, vart vasskraftas nytte knytt til moglege kapitalavkastingar. Det offentlege eigarskapet trygga fordelinga av avkastinga. Dermed vart det dei offentlege kraftselskapa si evne til å skapa profitt som gav best utkome også for folk og samfunn. Det nye regimet etter energilova vart slik rettferdiggjort av marknadens verdiorden.

Løding finn at marknadens verdiorden vart endå meir dominerande i samband med at Stortinget handsama revideringa av heimfallordninga i industrikonsesjonslova og i vassdragsreguleringslova i 2008. Stortinget måtte revidera lovverket fordi EFTA-domstolen fann at heimfallsinstituttet braut med likehandsamingsprinsippa i EØS-avtalen. Heimfallsinstituttet, basis i norsk vasskraftforvalting sidan 1917, diskriminerte private kjøparar og utanlandske interessentar, og gav fortrinn til offentlege aktørar. Lovregelen om tidsavgrensa eigarskap med heimfall til staten gjaldt berre norske private og utanlandske aktørarar. I september 2008 kom Stortinget fram til eit vedtak som løyste saka på følgjande vis: Private aktørar fekk ikkje lenger høve til å eiga vasskraft aleine, men kunne få eiga opptil 1/3 av offentlege kraftselskap. Innhaldet i vedtaket vart kalla «konsolideringsmodellen», det vil seia at den offentlege eigarskapen fekk nye rammer som ikkje braut med EØS-avtalen (Bjørk, 2017). Det raudgrøne fleirtalet vidareførte slik kjernen i det nær hundre år gamle konsesjonslovsregimet, medan høgre-sida (Høgre og Framstegspartiet) ønskte at private både skulle få tildelt konsesjonar og sleppa heimfall. Men trass skilnader i synet på høvesvis offentleg og privat eigarskap, finn Løding at rettferdiggingeringa av dei ulike standpunkta skjer

innanfor marknaden verdiorden. Også for det raudgrøne fleirtalet er det vasskrafta si evne til å gje monetær avkastning på investert kapital som gir ho verdi (Løding, 2017).

Denne vendinga i politikken legitimering, frå den kollektive og industrielle verdiorden til marknaden verdiorden, tolkar Løding som eit døme på det som kjenneteiknar «verdsetjingas finansialisering». Den monetære verdsetjinga tek vekk legitimeringa av statleg styring utover det som ligg i dei til ei kvar tid gjeldande marknadsmekanismar. Når verdsetjinga av vasskrafta vert monetær, opptrer også dei offentlege eigarane som investorar som siktar mot best mogleg avkastning på investert kapital. Dermed vert dei varige verdiane som ligg i vasskrafta vurdert og ramma inn av finansielle kalkulasjonsteknikkar for om mogleg å finna investeringsobjekt som kan gi betre monetær avkastning.

## Småkraft frå pionertid til nasjonal satsing

Ordsiftet Løding analyserer, omhandlar større kraftanlegg. Heimfallsretten og konsesjonslovene som vart innførte i åra 1909–1917, la grunnlag for at det aller meste av dei store kraftanlegga og den utbygde vasskrafta i Noreg er eigd av det offentlege – stat, fylkeskommunar eller kommunar (Angell, 2014). Men lovverket gav høve for private grunneigarar til å eiga småkraftverk som òg var fritekne frå heimfallsordninga. I mellomkrigstida bygde slik fleire gardar og grender eigne kraftverk med sikte på sjølvforsyning (Nordstrand, 1993, s. 171–177). Energilova av 1990 gav småkraft-utbygging i Noreg heilt nye vekstvilkår ved at netteigarane plikta å ta imot straum frå ulike produsentar, små og store seljarar. Dermed fekk småkraftverk ein marknad å selja i. Det første tiåret etter 1990 vart ei pionertid, der nokre fåe føretaksame grunneigarar etablerte eigne småkraftverk (Sunde, 2014). Det politiske startskotet for ei større nasjonal satsing på småkraftverk kom først med Jens Stoltenberg sin nyttårstale i 2001. Statsministeren kunngjorde då at tida for nye store, kraftutbyggingar var over. Stoltenberg sa det slik i talen:

I hele det forrige århundret var det å ta i bruk fossekraften et tegn på det norske industrisamfunnets vekst. Vi har bygget ut mye vannkraft i Norge. Det skal vi vedlikeholde og ta vare på. Men vi har nådd en grense. Derfor vil Regjeringen foreslå at vi ikke gjennomfører de planlagte utbyggingene av vassdragene i Bjøllåga og Melfjord og Beiarn. Jeg vet at dette er en beslutning som vil vekke strid. Men fordelene ved disse utbyggingene er ikke store nok til at de forsvarer de ugjenkallelige inngrepene i naturen. Uberørt natur får en stadig større verdi. Vi er nå kommet dit at tiden for nye store vannkraftutbygginger i Norge er over (Stoltenberg, 2001).

Argumenta for å setja utbyggingsstogg var vern om naturen. Den politiske legitimeringa vart slik henta frå den grønne verdiordenen. Men i norsk vasskraftshistorie har argument som tek til orde for å verna naturen, ulikt opphav og føremål. Den grønne verdiordenen i Noreg er fleirtydig og fordrar utgreiing.

I den tidlege fasen av norsk vasskraftshistorie omhandla naturvern primært estetiske og naturhistoriske omsyn. Lov om naturfreding av 1910 definerte naturvernet som ei statleg oppgåve. Den nye naturvernlova av 1954 opna for å oppretta nasjonalparkar. Statens naturvernråd vart rådgjevingsorgan. Merksemda var mot naturvern, kulturminnevern og lokale skadeverknader. Men korkje i 1910 eller i 1954 hadde vernetanken eit gjennomslag som gjorde det aktuelt å stansa kraftutbyggingar. Først i 1960-åra vart kraftutbygging verkeleg politisk omstridt. I dette tiåret fekk naturvernet ei legitim interesse i vasskraftprosjekta. Økologiske og vitskapelege omsyn hadde styrka verne-interessa. Den folkelege oppslutnaden om naturvernet var større. Plan- og bygningslova av 1965 og endringar i vassdragsregule-

ringslova i 1969 opna opp for at naturvern-interesser reelt kom til orde ved at h yringsinstituttet vart institusjonalisert. 1970-talet gav aksjonar mot vasskraftutbygging, der kritikken inngjekk i ein meir generell kritikk av vekstsamfunnet. Ny naturvernlov i 1970 likestilte  konomiske og  kologiske omsyn. I 1972 vart Milj verndepartementet skipa. Vern av natur og milj  vart etablert som eit eige politisk saksomr de. Heilskapleg verneplanarbeid kom i gang. I 1980- ra vert det politiske feltet om vasskraftutbygging i Noreg endra fr  utbyggingspolitikk til ressursforvaltning. Milj verndepartementet fekk d  ansvaret for Samla plan for vassdrag (Angell & Brekke, 2011).

Men det var ogs  i 1970- ra at utbyggingstilhengjarar for f rste gong m nstra «gr ne» argument. Utbygging av norsk vasskraft gav rein, fornyeleg energi. J mf rt med andre energikjelder var det beint fram b de natur- og milj vennleg   byggja ut. Fr  og med 1970-talet vart det norske ordsiftet om natur- og milj vern knytt til vasskraftutbygging, ramma inn av globale energi- og klimasp rsm l. Ei varig konfliktline vart trekt opp innanfor det «gr ne» feltet: Vern av naturressursar av lokale estetiske eller  kologiske omsyn, stod i strid med globale klimaomsyn der utbygging av rein, fornyeleg energi var  nskt. I saker kan klassisk naturvern st  i strid med nye milj vern-organisasjonar. P  2000-talet var mastesaka i Hardanger eit d me p  dette. Naturvernforbundet prosederte p    ikkje byggja ut h gspentmaster av omsyn til lokal natur og menneskelege opplevingar. Bellona og Zero argumenterte for   byggja ut av omsyn til produksjon og forsyning av klimavennleg energi. «Ein global milj opposisjon st  i aukande grad mot ein lokal naturvernopposisjon», heiter det i studien der dei historiske utviklingstrekk er kartlagt og analysert (Angell & Brekke, 2011, s. 97).

I v r forst ing av den gr ne ordenen vert b de den lokale og globale dimensjonen viktig   ha med seg i v r vurdering av ordsiftet om sm kraft-satsing p  2000- og 2010-talet. Energilova i 1990- ra gav tildriv til lokale, regionale og nasjonale endringar i kraftsektoren, men det kom ogs  til ei internasjonal vending. Kraftf retak slo seg saman, fleire st rre selskap kj pte opp eller kj pte seg inn i mindre selskap. St rre regionale og nasjonale konsern vart skipa, og fleire av desse gjekk ut med internasjonale ambisjonar og satsingar (Angell & Brekke, 2011, s. 100). Norsk vasskraftpolitikk vart prega av internasjonale og overnasjonale utviklingsdrag. I h ve til kraftmarknaden var den ikkje lenger norsk, men nordisk, og i h ve til energipolitikken vart denne utforma med sideblikk til EU sine direktiv og m lsetnader, og ringa inn av FN's klimatingingar og berekraftm l (Thue, 2017). Nytt rstalen til Stoltenberg sto i ein lokal, nasjonal og global samanheng. I avsnittet f r han lyste stogg i dei store norske kraftutbyggingane, tok han opp stoda for internasjonale klimatingingar og alarmrande teikn til klimaendringar. (Stoltenberg, 2001)

Stoggen for st rre kraftutbyggingar, grunnigitt med omsyna til naturen og verdiane der, vart samstundes startskotet for ei st rre satsing p  sm kraft. Store offentleg eigde kraftselskap som ikkje lenger hadde utsikter til st rre utbyggingar, gjekk inn i sm kraftfeltet med sin tekniske,  konomiske og juridiske ekspertise (Yttri, 2018). Ny vasskraftproduksjon b de p  2000- og 2010-talet kom etter dette i all hovudsak fr  utbygginga av sm kraftverk (Angell & Brekke, 2011, s. 90; Yttri, 2018, s. 138).

## Systembyggingas legitimering

Korleis vart so den nye satsinga politisk legitimert? Dette studerer me ved   sj  n rare p  dei sentrale dokumenta som vart utarbeidde for   laga eit nytt system for sm kraft-utbygging fr  2003 og utetter: Det parlamentariske grunnlaget finn me i Innstilling fr  energi- og milj komiteen i Stortinget fr  juni 2003, og p  regjeringniv  i s rskilde styringsdokument for utbygging av sm  kraftverk.



I energi- og miljøkomiteens innstilling låg forslag om å «Betydelig forenkle konsesjonsreglene for bygging av små-, mini- og mikrokraftverk» (Stortinget, 2003). Vurderinga av denne typen kraftverk, som fungerte som ei grunngeving for forslaget, var som følgjer:

Produksjonspotensialet for slike kraftverk er stort, anslagsvis mellom 10 og 15 TWh/år, og at det relativt raskt kan bygges ut 4-5 TWh/år. Denne produksjon av ren og fornybar energi vil være viktig for å bedre kraftbalansen, i tillegg til å være et viktig bidrag for verdiskapingen i mange distriktsamfunn. En slik spredt kraftproduksjon, ofte i nærheten av forbruker, vil redusere behovet for overføringslinjer, og i tillegg bidra til at man bedrer en vanskelig effektsituasjon mange steder.

Her finn me at fleire verdiordenar går inn i eit kompromiss: Den industrielle (det målbare, kraftbalanse, kraftproduksjon, effekt, overføringslinjer), den grønne (rein og fornybar energi), den kollektive (verdiskaping i distriktsamfunn) og marknaden (forbrukar). Forenklingas verdiorden er nemnt i overskrifta, men står primært som eit middel for å nå viktigare mål. Forenklinga er ikkje eit politisk mål eller ein verdi i seg sjølv. I omfang er det den industrielle verdiorden som får mest plass i grunngevinga og marknaden minst. Me ser at den kollektive verdiorden (verdiskaping i distrikta) er gitt høg prioritet, og at det er berre den globale delen av den grønne verdiordenen som er rørt ved.

«Strategi for økt etablering av små vannkraftverk» vart utarbeidd i Olje- og Energidepartementet i 2003 (Olje- og energidepartementet, 2003) under statsråd Einar Steensnæs (KrF) og samarbeidsregjeringa (KrF, H, V, 2001–2005) leia av statsminister Kjell Magne Bondevik (KrF). I 2007 kom so departementet med «Retningslinjer for små vannkraftverk – til bruk for utarbeidelse av regionale planer og i NVEs konsesjonsbehandling» (Olje- og energidepartementet, 2007). Statsråd var Odd Roger Enoksen (Sp) i koalisjonsregjeringa (Ap, Sp, SV) under Jens Stoltenberg (2005–2013).

Det første dokumentet hadde som uttrykt mål å auka etableringa av små vasskraftverk. Regjeringa Bondevik ønskte å leggja til rette for vekst ved å gjera prosedyrar og regelverk enklare å hanskast med for utbyggjarar som var lite kjende med kraftutbygging.

Det er de små kraftverkene bidrag til kraftoppdekkingen og til næringsutviklingen i distriktene, som gjør Regjeringen opptatt av å legge til rette for økt etablering av disse kraftverkene. I tillegg er det viktig at slike anlegg som hovedregel medfører små konsekvenser for miljøet (Olje- og energidepartementet, 2003).

Særleg to grunngevingar står sterkt. Den eine var å bidra til å dekkja behovet for elektrisk kraft, det andre å bidra til næringsutvikling i distrikta. Energipolitikk og næringspolitikk vart kopla i hop. Ei tilleggsgrunngeving var at ein rekna at slike anlegg som hovudregel hadde små konsekvensar for miljøet. Her syner ein sut for den lokale varianten av den grønne verdiorden, men det er den kollektive og industrielle verdiorden som legitimerer regjeringa si småkraftsatsing. Den kollektive er verksam ved at satsinga skal bidra til næringsutvikling i distrikta. Den industrielle er verksam ved at småkraftverka vil bidra til å dekkja energibehovet i Noreg.

Retningslinjene frå regjeringa Stoltenberg i 2007 var i mykje eit framhald av arbeidet til den føregåande regjeringa. Småkraftverk skulle ha eit enklare regelverk å halda seg til enn større kraftverk for å nå målet om auka etablering. Samstundes grunn gav regjeringa behovet for nye retningslinjer slik:

Små vannkraftverk gir samfunnet økt tilgang på fornybar energi uten utslipp av klimagasser, og bidrar til næringsutvikling og bosetting i distriktene. I takt med økt interesse for planlegging og utbygging av små vannkraftverk har det samtidig blitt en økende bevissthet omkring at også små vannkraftverk kan ha negative miljøvirkninger enkeltvis, men kanskje med særlig vekt på potensialet for sumvirkningene av flere utbygginger (Olje- og energidepartementet, 2007).

Grunngjevinga vidarefører måla om å auka energitilgangen og bidra til næringsutvikling i distrikta. Slik sett dreg ein også no vekslar på den kollektive (distrikta) og industrielle (energitilgang) verdiorden for å grunngje satsinga. Men i høve til førre strategi fekk den grøne verdiorden tydelegare plass i kompromisset. Utbygging av småkraft sikrar ikkje berre auka energi, men gir «*fornybar energi uten utslipp av klimagasser*». Dermed er utbygging av småkraftverk eit gode for det globale klimaet. Omsynet til det klassiske, lokalt orienterte naturvernet vert også freista take i vare. Grunngjevnaden for nye retningslinjer er knytt til eit nytt medvit om at mange små utbyggingar kan ha større negative sumverknader. Difor må dette omsynet gi form til nytt regelverk.

Både strategien av 2003 og retningslinjene av 2007 var tufta på eit kompromiss mellom ulike verdiordenar. Den primære legitimeringa låg i den industrielle og kollektive. Med to ulike ansvarlege regjeringar, Bondevik si høgre-sentrum-regjering, og den raud-grøne regjeringa til Stoltenberg, so borga dette for det breie politiske grunnlaget for småkraftutbygging på 2000-talet. At den grøne verdiordenen kom sopass sterkt fram i styringsdokumentet frå regjeringa Stoltenberg, synte kanskje ein politisk skilnad mellom dei to regjeringane. Men utmeislinga av denne hadde også ein konkret bakgrunn i at førestillinga om at småkraftutbygging var meir skånsam mot naturen enn større utbyggingar, hadde møtt kritikk og hadde vorte imøtegått frå fagleg hald (Bakken, Sundt & Ruud, 2012).

### Legitimeringa av praksis – eit par døme

Lat oss sjå på to saker der konsesjonsvedtak i NVE vart klaga inn for Olje- og energidepartementet. Den første saka gjeld Sylvarneselvi i Vik kommune på sørsida av Sognefjorden. Småkraft AS søkte om konsesjon for å byggja Sylvarnes kraftverk. NVE gav konsesjon i 2005 og poengterte at eit nytt kraftverk ville bidra til energiforsyning og kunne bidra til å halda oppe busetnad og kulturlandskap. Men Sogn og Fjordane Turlag klaga saka inn til avgjerd i departementet med tilvising til at fossen i Sylvarneselvi var av nasjonal interesse. I 2007 sette Olje- og energidepartementet NVE si vurdering til side.

Det vart sett stogg for utbygging med slik grunngjeving: «Departementet legger vekt på at Sognefjorden er en viktig turistattraksjon. Blant annet er fjorden hyppig trafikkert av cruiseskip og annen båttrafikk som passerer forbi Sylvarnes». Departementet synte vidare til at området var kåra til verdas best bevarte reisemål av *National Geographic Traveller* (2004) og til verdsarv av UNESCO (2005). Ein fann heller ikkje at ei redusert utbygging ville stå i forhold til naturinngrepa: «Etter en totalvurdering finner departementet at fordelene ikke overstiger de skader og ulemper utbygging av kraftverket innebærer» (Marifjæren, 2007).

Legitimeringa av vedtaket drog vekslar på den grøne verdiordenen (Sognefjorden, Sylvarnes, naturinngrep), men me ser her eit kompromiss med både verdiordenen for opinion og for marknaden. Det er Sognefjorden sitt ry som reisemål og verdsarv som gjer det rettkome å verna fossen. Vektlegging av attraksjon, turisme og cruiseskip-trafikken inneber at marknaden verdiordenen vert teken i bruk. Sognefjordens kvalitet som ei omsetjeleg vare vert eit argument som talar imot å byggja ut fossen.

Den andre saka gjeld utbygging av småkraftverk i Fjærlandsfjorden i Sogndal kommune.

Usemja dreia seg om det skulle gjevast løyve til bygging av to småkraftverk og i kva grad det skulle gjevast løyve til å byggja ei ny kraftline mellom Fjærlandsfjorden og Grindsdalen slik at den produserte krafta kunne førast ut i marknaden. NVE gav i 2009 konsesjonar, trass motsegner frå fylkesmann, kommune og naturvern- og turinteresser (Eggum, 2009; Norges Vassdrags- og energidirektorat, 2009). Tyngda av motsegnene hadde bakgrunn i uønskte inngrep i naturen. Saka vart klaga inn for departementet. I 2014 bestemte Olje- og energidepartementet at NVE sine konsesjonar skulle få gjelda og at utbygging kunne skje. Regjeringa Solbergs (H/FrP) olje- og energiminister Tord Lien (FrP) grunn gav konsesjonane slik:

Småkraft er viktig for regjeringen og bidrar til lokal næringsutvikling og verdiskaping. Nettforsterkning er av betydning for kraftforsyningsikkerheten og for fornybarutbyggingen. Anleggene innebærer inntil 110 gigawattimer (GWh) ny fornybar kraft. Det tilsvarer årsforbruket til rundt 5500 husstander (Olje- og energidepartementet, 2014).

Legitimeringa skjer her også i eit kompromiss, med tilvising til både den kollektive (lokal næringsutvikling og verdiskaping) og industrielle (målbar kraftproduksjon, anlegg, husstandar) verdiorden. Samstundes rører også grunngevinga ved den grønne verdiorden ved at tiltaket er viktig for «fornybarutbyggingen» og vil gi «ny fornybar kraft». Dette er då den delen av den grønne verdiorden som rettar seg mot det globale klimaet.

### **Legitimeringa av sal til utlandet**

Den siste saka me skal sjå nærare på, kom opp i Stortingets spørjetime i august 2015. Marit Arnstad (Sp) stilte følgjande spørsmål til olje- og energiministeren: «Hva vil statsråden gjøre for å sørge for at også småkraftressursene sikres nasjonalt eierskap, på linje med større vannkraftverk?» (Stortinget, 2015).

Bakgrunnen for spørsmålet var at utanlandsk eigarskap fekk eit stadig større omfang. I 2015 vart det kjent at Småkraft AS, Noregs største småkraftselskap, vart vurdert selt til utanlandsk kjøpar. Småkraft AS var eigd av fleire store norske offentlege kraftselskap med Statkraft i brodden.

I svaret til statsråden gjekk det fram at det var uaktuelt å gjera tiltak for å sikra nasjonalt eigarskap. Det låg føre to grunngevingar for dette. Den første og i omfang største grunngevinga drog vekslar på den kollektive verdiorden. Nasjonalt eigarskap over småkrafta fordra uønskte endringar i nyleg vedteke lovverk, «konsolideringsmodellen», vedteken i 2008. Lova skulle sikra grunnleggjande rettar; å gripa inn i dette ville gje ei vilkårleg maktutøving overfor private grunneigarar.

Dersom nasjonalt eierskap til småkraftressursene skulle sikres, måtte konsolideringsmodellen endres, og grensen for konsesjonsplikt etter industrikonsesjonsloven nedskaleres. En konsekvens av en slik endring ville være at private grunneiere ikke kunne eie mer enn 1/3 av et småkraftverk på egen grunn. Jeg ser det ikke som aktuelt å foreslå slik endringer.

Statsråden ville ikkje gjera endringar i nyleg vedteke lovverk. Samstundes heldt han ope at nasjonalt eigarskap kunne vidareførast:

Uansett kan nasjonalt eierskap til småkraftressursene sikres ved at småkraftverk som kommer for salg kjøpes av norske aktører. Jeg ser gjerne at det skjer, men det må i tilfelle skje på et rent forretningsmessig grunnlag.

Spørsmålet om nasjonalt eigarskap måtte avgjerast i den frie marknaden. Den som evna å betala mest, ville få eigarskapen. Marknadens verdiorden vart mobilisert. Småkraftverk vart slik forstått som fritt sirkulerande varer som kunne seljast til høgstbydande i ein fri marknad utan geografiske grenser.

## Drøftande sluttmerknader

I denne artikkelen har eg nytta perspektiv frå pragmatisk sosiologi på fenomenet nyare norsk småkrafthistorie. For historiske studiar er tilnærminga tiltrekkjande. Utviklinga av verdiordenar er empirisk og historisk informert og dertil pragmatisk. Perspektivet si vektlegging av kollektive normer og verdiar gir høve til å sjå dei historiske aktørane i ein større samanheng. Lødings undersøking av vasskraftforvaltningas historiske legitimering skildrar korleis den kollektive verdiorden i kompromiss med den industrielle verdiorden la til grunn at det offentlege hadde særskilde rettar i utnyttinga av landet sine vassressursar. Dette harmonerer med historiske framstillingar. Den sosialliberale Venstre-staten før andre verdskrigen og den sosialdemokratiske Arbeidarparti-staten i etterkrigstida definerte vasskrafta som felles gode. Før krigen fekk Noreg eit energisystem delt mellom ei offentleg eigd allmennforsyning og store private industrikraftanlegg. Etter krigen vart kraftutbygging i statleg regi basis for industrialisering og oppbygging av velferdssamfunnet (Olstad, 2017; Skjold, 2015b; Slagstad, 1998; Thue, 1996). Også i historiske framstillingar står den marknadsliberale energilova av 1990 fram som eit vasskilje (Nilsen et al., 2006; Skjold, 2015a; Thue, 2008, 2017). I ordskiftet om heimfallsretten fram mot 2008 finn Løding at marknaden verdiorden rådde. Dermed er det tale om i alt tre verdiordenar på eit hundre år, to av dei verksame dei første åtti åra, marknaden verdiorden einerådande i ordskiftet på 2000-talet.

I mi undersøking av legitimering av småkraftsatsinga etter 2000, finn eg at styremaktene på kort tid mobiliserer fleire verdiordenar. Kvifor har fleire verdiordenar gjort seg gjeldande i småkraftutbygging dei siste knappe tjue åra, enn gjennom hundre år i norsk vasskraftforvaltning? Har det med auka tempo i økonomi og samfunnsordskifte å gjera? Eller er det særskilde eigenskapar ved den nye småkraftbransjen som spelar inn? Spørsmåla burde ha vore undersøkt nærare. Det denne studien må nøya seg med å konkludera med er at småkraftsatsinga som politisk saksfelt er kjenneteikna av stadige kompromiss mellom ulike grunngevingar. Satsinga hadde ein samansett motivkrins der kraftoppdekking (industriell), fornyeleg energi (grøn) og lokal verdiskaping (kollektiv) tidleg peika seg ut og vara ved i ulike drøftingar. Men småkraftutbygging kunne også aktivisera verdiordenen for opinion. Noregs ry for framleis å ha mykje urørt natur kan verta råka. Den verdiordenen som gjennomgåande står sterkast i dei dokumenta som er undersøkte og som i mykje motiverte satsinga i utgangspunktet, er den kollektive, omsynet til verdiskaping i distrikta. Ved vårt utvalde førebelse slutt punkt, ordskiftet om salet av småkraftverk til utlandet, har marknadsordenen fått ein dominerande posisjon. Den politiske legitimeringa har kunna dra vekslar på ulike verdiordenar, det me gjerne kan kalla slagkraftige og fruktbare kompromiss. Tiltaket har vorte sett til å gi gode bidrag til både globalt klima og lokal verdiskaping i distrikta, begge grunnfesta gylne mål i norsk politikk. Det at den grønne verdiordenen dertil er fleirtydig og at styremaktene slik kan veksla og vekta mellom omsynet til lokalt naturvern og globale klimamål, er ein del av småkraftutbyggingas politiske dynamikk.

Til sist er det interessant å sjå at både for den tradisjonelle vasskraftforvaltninga og den moderne småkraftsatsinga so har marknaden verdiorden kome stadig sterkare. Dette ser me i ordskiftet om heimfallsretten i 2008 og i ordskiftet om utanlandsk eigarskap til småkraftverk i 2015. Men dei materielle rammene og det historiske utfallet av dei to ordskifta var

grunnleggjande forskjellige. I ordskiftet om heimfallsretten vart nasjonalt offentleg eigarskap til vasskrafta konsolidert i 2008, men i 2015 opna marknaden verdiorden for at norsk-eigde småkraftverk kunne seljast til høgstbydande. Det ligg nær å tru at marknadsordenens dominans spegla allmenn politisk utvikling. Men ei anna mogleg forklaring kan vera at marknadsordenen både i høve til heimfallsretten og i høve til sal av småkraftverk til utlandet, var underordna eller kan hende berre eit middel for ein ikkje uttalt overordna kollektiv orden. I høve til heimfallsretten har Lødings studie peika på at jamvel med marknadsorienteringa, so skulle verdiane nyttast til felles føremål. I saka om sal av småkraftverk til utlandet so synest den monetære verdsetjinga mest einerådande. Eller kan me også her ana ein ikkje uttalt kollektiv orden, på det viset at salet til utlandet vart oppfatta å gagna samfunnsbyggjande interesser i distrikta? I kva grad og på kva måte ikkje uttalte verdiar kan liggja bak dei ulike ordskifta om utnytting av vasskraftressursane i Noreg, er både interessant og relevant for ein kritisk analyse. Men spørsmålet ville krevja eit meir omfattande datagrunnlag (stortings- og mediedebattar, innspel frå ulike interessergrupper, osv.). I den grad ein då enda opp med å avdekka «reelle» og skjulte intensjonar bak dei uttalte, ville ein slik analyse også gå utover grensene for perspektivet i denne artikkelen.

## Om artikkelen

Artikkelen er skriven innanfor prosjektet Renewable Energy Projects: Local Impacts and Sustainability (RELEASE), finansiert av Noregs Forskringsråd med fleire (Høgskulen på Vestlandet, 2018). Eg vil gjerne få takka førsteamanuensis Roger Hestholm ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal, og to anonyme fagfeller for gode innspel i arbeidet med teksten.

## Referanser

- Andersen, G. (2017). *Parlamentets natur. Utviklingen av norsk miljø- og petroleumspolitik* (1945–2013). Oslo: Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/9788215028132-2017>
- Angell, S. I. (2014). Heimfallsinstituttet i norsk vasskraftforvaltning. *Plan*, 46(03–04), 34–40.
- Angell, S. I. & Brekke, O. A. (2011). Frå kraft versus natur til miljøvenleg energi? Norsk vasskraftpolitikk i eit hundreårsperspektiv. *Rapport 3 - 2011*. Bergen: Uni Rokkansenteret.
- Bakken, T. H., Sundt, H., & Ruud, A. (2012). *Mange og små eller store og få? : en sammenligning av miljøvirkningene ved ulike strategier for utvikling av vannkraft* (Vol. TR A7180). Trondheim: SINTEF Energi AS.
- Bjork, T. V. (2017). *Vasskrafta mellom EØS og marknad Ein analyse av den politiske prosessen om heimfall 2000–2008* (Masteroppgåve). The University of Bergen, Bergen.
- Boltanski, L. & Chiapello, È. (2007). *The new spirit of capitalism*. London: Verso.
- Boltanski, L. & Thévenot, L. (1999). The Sociology of Critical Capacity. *European Journal of Social Theory*, 2(3), 359–377. <https://doi.org/10.1177/136843199002003010>
- Boltanski, L. & Thévenot, L. (2006). *On justification : economies of worth*. Princeton N.J: Princeton University Press.
- Eggum, T. (2009, 23. september). Rår frå å dra småkraft gjennom unik villmark. *Sogn Avis*, s. 5.
- Hestholm, R. I. (2003). *Vurderingar : kvalifisering til verdfull samfunnsvitenskap*. (Avhandling, dr. polit.). Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Haugseth, J. F. (2014). Forenklingens verdiverden. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 55(4), 439–469.



- Høgskulen på Vestlandet. (2018). Renewable Energy Projects: Local Impacts and Sustainability (RELEASE). Henta frå <https://www.hisf.no/nn/renewable-energy-projects-local-impacts-and-sustainability-release>
- Lamont, M., & Thévenot, L. (2000). *Rethinking comparative cultural sociology : repertoires of evaluation in France and the United States*. Cambridge: Cambridge University Press. <https://doi.org/10.1017/cbo9780511628108>
- Løding, T. H. (2017). Arvesølvets verdi – den historiske transformasjonen av vannkraftforvaltningens legitimering. *The historical transformation of political valuation – The case of Norway's hydropower resources*, *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 58(4), 367–388. <https://doi.org/10.18261/ISSN.1504-291X-2017-04-01>
- Marifjæren, P. (2007, 28. mars). Sylvarnesfossen blir verna. *Bergens Tidende*, Henta frå <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/GPwp9/sylvarnesfossen-blir-verna>.
- Myhre, J. E. (2014). *Historie: En introduksjon til grunnlagsproblemer*. Oslo: Pax.
- Nilsen, Y., Thue, L., Skjold, D. O., Svinningen, T. & Ellingsen, A. (2006). *Statens kraft 1965–2006 : miljø og marked* (Vol. B. 3). Oslo: Universitetsforlaget.
- Nordstrand, L. (1993). «Lys og kraft til bygdens behov...»: *kraftforsyninga i Sogn og Fjordane 1893-1993*. Sandane: Sogn og Fjordane energiverk.
- Norges vassdrags- og energidirektorat. (2009). *KI-notat nr.: 37 /2009 – 29. juni. Bakgrunn for vedtak: Søknad om å bygge 5 kraftverk ved Fjærlandsfjorden og 132 kV kraftoverføring Fjærland-Grindsdalen, Sogndal og Leikanger kommune — Samlet vurdering*. Henta frå <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/200702107/217612>
- Norges vassdrags- og energidirektorat (2015). *Energi i Norge*. Henta frå [https://www.nve.no/Media/3776/energifolder\\_no.pdf](https://www.nve.no/Media/3776/energifolder_no.pdf)
- Nynorsk Pressekontor. (2018, 27. september). 400 småkraftverk har enno ikkje nytta konsesjonen. *Nasjonen*. Henta frå <http://www.nasjonen.no/naeringsliv/400-smakraftverk-har-enno-ikkje-nytt-konsesjonen/>
- Olje- og energidepartementet. (2003). *Strategi for økt etablering av små vannkraftverk*. Oslo: Olje- og energidepartementet.
- Olje- og energidepartementet. (2007). *Retningslinjer for små vannkraftverk – til bruk for utarbeidelse av regionale planer og i NVEs konsesjonsbehandling*. Oslo: Olje- og energidepartementet Henta frå [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/oed/pdf\\_filer/retningslinjer-for-sma-vannkraftverk-komplett.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/oed/pdf_filer/retningslinjer-for-sma-vannkraftverk-komplett.pdf).
- Olje- og energidepartementet. (2014). *Endelig konsesjon til småkraftverk i Fjærlandsfjorden (pressemelding)*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/Endelig-konsesjon-til-smakraftverk-i-Fjarlandsfjorden/id756207/>.
- Olstad, F. (2017). *Den lange oppturen : norsk historie 1945–2015*. Oslo: Dreyers forlag.
- Sataøen, H. L., Brekke, O. A. & Angell, S. I. (2014). *Hardanger som småkraftregion: Frå industrikraft til kortreist kraft*. Uni Research Rokkansenteret: Bergen.
- Sataøen, H. L., Brekke, O. A. & Angell, S. I. (2017). Distriktsvenleg, miljøvenleg og klimavenleg?: Drivkrefter i utviklinga av småkraft i Hardanger. *Tidsskriftet Utmark*(1), 68–82.
- Sejersted, F. (1993). Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene. Et oppgjør med den metodologiske individualisme. I F. Sejersted (Red.), *Demokratisk kapitalisme* (s. 305–328). Oslo: Universitetsforlaget.
- Skarpenes, O. (2007). *Kunnskapens legitimering : fag og læreplaner i videregående skole*. Oslo: Abstrakt forl.
- Skarpenes, O. & Hestholm, R. I. (2007). Den 'nye' franske pragmatikken. *Sosiologisk Årbok* ISSN: 0808-288X. (1-2), 71–102.

- Skjold, D. O. (2015a). *Mot nye horisonter : Statkrafts internasjonale historie 1990–2015*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skjold, D. O. (2015b). Organisering og samarbeid i norsk elforsyning, ca. 1900–1985. (Avhandling for graden philosophiae doctor). Institutt for historiske studier. Det humanistiske fakultet. NTNU: Trondheim.
- Slagstad, R. (1998). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax Forlag A/S.
- Stoltenberg, J. (2001, 1. januar). Statsminister Jens Stoltenbergs nyttårstale. *Dagbladet*. Henta frå <https://www.dagbladet.no/nyheter/statsminister-jens-stoltenbergs-nyttarstale/65676039>
- Stortinget (2003). Innst. S. nr. 277 (2002–2003): Innstilling til Stortinget fra energi- og miljøkomiteen. Oslo: Stortinget.
- Stortinget. (2015). *Skriftlig spørsmål fra Marit Arnstad (Sp) til olje- og energiministeren*. (Dokument nr. 15:1299 (2014–2015)). Oslo: Stortinget. Henta frå <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Sporsmal/Skriftlig-sporsmal-og-svar/Skriftlig-sporsmal/?qid=63198>.
- Sunde, R., Vie, J. & Slettehaug, K. (2014). 24 år med småkraftutbygging. I R. Sunde, J. Vie & K. Slettehaug (Red.), *100 år i Jølstra* (s. 16–19). Førde: Sunnfjord Energi.
- Thue, L. (1994). *Elforsyning og kraftutbygging som etterkrigshistorisk forskningsfelt*. Bergen: LOS-senteret.
- Thue, L. (1996). *Strøm og styring : norsk kraftliberalisme i historisk perspektiv*. Oslo: Ad notam Gyldendal.
- Thue, L. (2008). Norway : a resource-based and democratic capitalism. I S. Fellman, M. J. Iversen, H. Sjøgren & L. Thue (eds.), *Creating Nordic Capitalism. The Business History of a Competitive Periphery*, (s. 394–493). Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Thue, L. (2016). Arvesølvet og vannkraftens politiske økonomi. *Nytt norsk tidsskrift*, 33(04), 332–339. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-3053-2016-04-06>
- Thue, L. (2017). *Vertskap for vannkraft : Landssamanslutninga av vasskraftkommunar 40 år*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Wagner, P. (1999). After Justification: Repertoires of Evaluation and the Sociology of Modernity. *European Journal of Social Theory*, 2(3), 341–357. <https://doi.org/10.1177/13684319922224572>
- Yttri, G. (2018). Lokal von, global ambisjon. Framveksten av småkraftverk i Noreg etter 2000. *Heimen*, 55(2), 119–140. <https://doi.org/10.18261/issn.1894-3195-2018-02-04>